Mai 1965

STRILEN

n moderne teologi måtte ha
gt på unge studenthjerner.
Foruten er han målmann og
t er meg e nvederstyggelig-
t.»
Dette var attesten.

M. R.

# Samvitet.

*Mennesket er ei trieining,*
*med likam og sjæl og ånd.*
*Dei skal arbeida saman,*
*og leidast av Herrens hand.*

*Likamen, han er det tempel*
*der sjæli og åndi bur.*
*Sjæli er Åndi si brurmøy.*
*Åndi er Frelsarens brur.*

*Sjæli ho fær sine inntrykk*
*frå den naturlege verd*
*gjennom dei praktfulle sansar*
*ho fekk til si jordelivs-ferd.*

*Åndi hev og sine sansar,*
*men på eit høgare plan.*
*Emnar å møta sin skapar,*
*og få sine inntrykk av Han.*

*Kanskje den fagraste evna*
*ho her i sin brude-krans ber*
*er hennar Gud-styrde samvit,*
*der Brudgomens livsplan ho ser.*

*t du eit Gud-lydig samvit*
*som bøygjer seg under Guds Ord?*
*Det liknar ei roleg kompass-nål*
*som — sviklaus — peikar mot nord.*

**Johs. M. L. Rydland.**